



Saksnr. 200703458;201841314

Leikanger 09.09.2019

NVE; nve@nve.no

Kopi: OED, KLD

postmottak@oed.dep.no , postmottak@kld.dep.no

Klage på godkjent MTA-plan for Lutelandet vindkraftverk, Fjaler kommune i Sogn og Fjordane.

Samandrag:

Vår klage gjeld,

Overordna:

- 1) Krav om ny konsesjonshandsaming og nye konsekvensutgreiingar.
 - Det reelle spørsmålet er ny konfigurasjon av eit vindkraftverk med forslag om installert effekt på 56 MW.
 - Reduksjonen av planområdet er på 0,03 km² i sørøst.
 - «Omsøkt utvidelse for etablering av adkomstvei til planområdet i nordøst».
 - Konfigurasjon er i praksis eit nytt anlegg som utløyser KU-plikt.
 - Det må gjennomførast ei ny gjennomgang av det miljøfaglege grunnlaget og ny beslutningsrelevant informasjon må på bordet.
 - Det må gjennomførast ei tilstrekkeleg vurdering av «samla last»
 - Endra forhold og føresetnader sidan konsesjonshandsaming i 2011 (vedtak 11.05.2011, og vedtak 08.07.2011), og klagehandsaminga til OED (med vedtak 24.10.2012).
 - Det må gjennomførast ei ny systematisk samanstilling av beslutningsrelevant informasjon, og det må innhentast ny og meir kunnskap.
 - Det må gjennomførast ei ny konsesjonshandsaming.
 - Prosjektet må difor setjast på vent til «Nasjonale ramme for vindkraft på land» er avklart.

- 2) Subsidiært: Vi støtter klagemomenta til Fylkesmannen i Vestland.
 - Ny kunnskap må leggjast til grunn.
 - Det må setjast vilkår i konsesjon, jf. naturmangfaldlova § 12.
 - Det er ikkje grunnlag for å auke vindkraftverket med 10 MW i lys av ny kunnskap.
 - Sjølv om området er regulert til industriområde, så er det ikkje sikkert at alle typar industriaktivitet vil vere foreinleg med naturmangfaldsverdiar. I slike tilfelle er det naturleg at vilkår som er sakleg relevant ut frå kunnskap om naturmangfald og teknologi vert sett.
 - Behov for yttelegare utgreiingar.
 - Fugl. Kartleggingsbehov (Miljødirektoratet) i «Nasjonale ramme for vindkraft på land».



- Innspel frå Miljødirektoratet og RA til eksklusjonsrunde 3 til Nasjonal ramme for vindkraft legg Lutelandet i ekskluderte område i Ytre Sogn, delområde 19A sjå Beskrivelse og begrunnelse
<http://tema.miljodirektoratet.no/Documents/publikasjoner/M1262/M1262.pdf>
Samt kartet side 6 i klage frå Fylkesmannen i Vestland som illustrerer samla kunnskap.

Argument:

- **Avsnitt 15.3.1, s. 193 i Meld. St. 25 (2015-2016).**

«Regjeringen vil stramme inn praksis for behandlingen av søknader om utsatt frist for idriftsettelse for vindkraftkonsesjoner. Ved behandlingen av søknader om forlenget frist, vil det blant annet bli lagt vekt på i hvilken grad det foreligger tilstrekkelig konkrete planer om å realisere prosjektet. Vindkraftkonsesjoner har tidligere blitt gitt med fem års frist for idriftsettelse av anlegget. Utbygger har mulighet for å søke om forlenget frist med ytterligere fem år av gangen. De siste årene har alle vindkraftkonsesjoner blitt gitt med varighet ut 2020. Etter at fristen for å få elsertifikater går ut, vil det finnes flere urealiserte prosjekter. Det koster lite å søke om fristforlengelse og å inneha en konsesjon. Det er derfor grunn til å tro at det vil komme flere søknader om utsatt frist når vi nærmer oss 2020. Urealiserte vindkraftkonsesjoner båndlegger areal i kommunene. Det kan stå i veien for annen lønnsom samfunnsutvikling, og vil i en del tilfeller kunne bidra til at lokale konflikter opprettholdes. Dersom det har gått mange år, kan det også ha oppstått endrede forhold som gjør det nødvendig med nye eller oppdaterte utredninger og eventuelt ny konsesjonsbehandling. Det er derfor ønskelig å begrense videreføringen av konsesjoner som er gitt der det ikke er utsikter til å få realisert prosjektet innenfor en rimelig tidshorisont».

- **Moment1:** NVE mottok førehandsmelding om Lutelandet vindkraftverk og 132 kV-kraftledning frå Sunnfjord Energi AS, 22. februar 2006. Konsesjonssøknad med KU vart sendt til NVE frå tiltakshavar 12. april 2009. Energimeldinga, Meld. St. 25 (2015-2016), «Kraft til endring, varslar ein gjennomgang av ikkje-realiserde konsesjonar. Regjeringa ønskjer å stramme inn praksis for handsaming av søknader om utsatt frist for idriftsettelse av vindkraftkonsesjonar. Konsesjon for både testanlegg for offshore testturbinar og vindkraftverk vart gitt i 2011. Saka om Lutelandet har pågått i over 10 år. Det har oppstått endra forhold, som gjer det nødvendig med nye oppdaterte utgreiingar og ny konsesjonshandsaming.
- **Moment2:** s. 4 i siste vedtak (2019) frå NVE går det fram: «Det ble ikke søkt om utsatt frist for idriftsettelse og forlenget varighet på konsesjonen for Lutelandet testanlegg». <http://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201841314/2786827>
- **Moment2:** Føremålet med konsesjon for testanlegget var tre turbinpunkt til test- og sertifiseringsføremål. NVE la i KE-notat nr. 11 (Bakgrunn for vedtak, 8. juli 2011), vekt på at, avsnitt 2.2: «Det fremgår av søknaden at tre turbinpunkter ønskes benyttet til test- og sertifiseringsformål. Total installert effekt for testturbinene vil bli inntil 10 MW. Disse turbinene vil være dimensjonert for offshore bruk, og skal testes og sertifiseres på land. Installert effekt i testturbinene vil ligge mellom 4-10 MW». I samband med førearbeida til havenergilova, Ot. prp. nr. 107 (2008-2009), vart det skriva s. 42: «Departementet meiner det er føremålstenleg at NVE inntil vidare ikkje prioriterer å handsame nye meldingar om større vindkraftprosjekt innanfor grunnlinjene. NVE skal likevel framleis gi



høg prioritet til handsaming av mindre prosjekt som er ledd i utvikling og utprøving av teknologi». NVE la dette til grunn for konsesjonshandsaminga av testanlegget, og prioriterte difor å handsame ferdig den delen som gjald offshore testturbinar i ein separat konsesjon først. Konsesjonen vart gjeve med ei ramme på tre testturbinar for offshore bruk med ein totalt installert effekt på 10 MW eller mindre. Pilotanlegget var skildra i kart sørvest på Lutelandet

- **Moment3:** I KE-notat 34/11, 29.3.2012, går det fram at konsesjonen for testanlegget vart gjeve med utsatt grunngeving etter forvaltingslova § 24 andre avsnitt. NVE skriv i notatet: «Vilkårene for ikke å begrunne et vedtak på samme tid som vedtaket blir truffet er at NVE innvilger en søknad, og at det ikke er grunn til å tro at noen part er misfornøyd med vedtaket».

NVE la her vekt på:

- «kommunen var positiv til tiltaket»
- «Lutelandet Energipark AS hadde disposisjonsrett på planområdet»
- «Sogn og Fjordane fylkeskommune var positive til etablering av vindkraftverket»
- «Hensynet til automatisk fredete kulturminner og viktige naturtyper var hensyntatt i vedtatt reguleringsplan for området».

Moment4: Vi kan ikkje sjå at seinare konsesjonsvurdering gjev ei tilstrekkeleg grunngeving. Naturmangfaldlova var i kraft på det tidspunktet, og eit tilstrekkeleg vurdering av dei miljørettslege prinsippa måtte difor vert utført for prosjektet i sin heilskap.

Moment5: «NVE er ansvarlig myndighet i medhold av utredningsbestemmelsene i plan- og bygningsloven. Vindkraftverk med en installert effekt på mer enn 10 MW krever utarbeidelse av konsekvensutredninger i medhold av plan- og bygningslovens forskrift om konsekvensutredninger av 01.07.2009. NVE fastsatte konsekvensutredningsprogrammet for Lutelandet vindkraftverk den 21.11.2008, og mottok konsekvensutredningene sammen med søknaden den 6.4.2009. Lutelandet testanlegg vil få en effekt på inntil 10 MW og utløser således ikke krav om konsekvensutredninger». Avsnitt 3.1.2, s. 6. «Bakgrunn for vedtak», 8. juli 2011.

<http://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/200703458/441410>

Moment6: «NVE vil påpeke at usikkerheten om hvilke virkninger tiltaket kan ha for naturmangfold skal tillegges vekt i detaljplanleggingen slik at det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade, jf. naturmangfoldloven § 9 om føre-var-prinsippet og § 12 om miljøforsvarlige teknikker», jf. s. 22 avsnitt 6.2.6. <http://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/200703458/441410>

Moment7: Usikkerheit knytt til fugletrekket var allereie kjent kunnskap på det tidspunktet, men dette er ikkje tilstrekkeleg handsama i saka.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er sitert på s. 13 i «Bakgrunn for vedtak» med følgjande innspel til KU-programmet: «*Utredningsprogrammet stiller ikke strenge nok krav til dokumentasjon om fugl og trekkveier utenfor planområdet, noe som fører til at det mangler tilfredsstillende informasjon om fugletrekk og hekkeområder. Det er ikke nok informasjon om bestanden av hekkende havørn og andre rovfugl i området. Det skrives videre at det innenfor en radius på ti kilometer finnes flere hekkeplasser for havørn, hubro og vandrefalker, og at vindkraftverket kan komme i konflikt med artene i området. Fylkesmannen er ikke enig i at trekkrueten for fugl passerer vest for Lutelandet vindkraftverk slik det står oppgitt i søknaden. Fylkesmannen skriver at lokale sjøfugler og andre fugler*



er innom naturreservatet Sakrisøy som ligger 1,2 kilometer unna Lutelandet. Området er en viktig hekkeplass, et vinterområde og rasteplass for trekkende fugl, og fylkesmannen mener derfor at Lutelandet vindkraftverk har en uheldig plassering med tanke på virkninger for fugl. Sumvirkninger av vindkraftverket sammen med andre eksisterende- og/eller planlagte anlegg er ikke utredet nærmere». <http://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/200703458/441410>

I «Bakgrunn for vedtak» vert det skrivne under avsnitt 6.1: «Konsekvensutredningene er utarbeidet i medhold av forskrift om konsekvensutredninger av 01.04.2005, og utredningsprogrammet for Lutelandet vindkraftverk fastsatt av NVE 21.11.08.».

<http://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/200703458/441410>

Moment8: Det var også kjent kunnskap i fylkesdelplan for vindkraft i Sogn og Fjordane at Vestlandskysten er viktig for fugletrekket.

<https://img4.custompublish.com/getfile.php/3394474.2344.qeycfvxyyc/Regional+plan+for+vindkraft+08.06.2011+pdf+web+hefte.pdf?return=www.sfj.no>

Trekkveggar for fugl:

Vestlandskysten er viktig for fugletrekket, og mange artar som hekkar i Vest-Sibir, nordlege Russland, Svalbard og Skandinavia følgjer kysten under trekket. Særleg hausttrekket kan vere massivt, med store konsentrasjonar av ungfuglar (årets produksjon) og vaksne pressa saman over tid. Vi veit også at mange fugleartar trekkjer om natta, og det finst ein del generell kunnskap om korleis fuglane flyg i ulike høgder alt etter skydekke, nedbør og vind.

Vi viser her til Fylkesmannen i Vestland sin klage på godkjenning av MTA-plan for Lutelandet vindkraftverk, referansar til ny dokumentert kunnskap med resultatane frå fugleradartellingane utført på Bremangerlandet i 2018 og Frøya i 2011, Guleslettene i 2019 som stadfestar og utdjuper omfang av trekk og fordeling etter art og topografi.

Fugleundersøkingane stadfestar at eit nasjonalt, og dermed europeisk viktig fugletrekk går langsmed kysten og gjennom planområdet for vindkraftanlegget. Av fuglane som vart identifisert finn vi ei rekke raudlista artar, og trekket er særleg omfattande om natta. Landfugl dominerer i dette trekket. Av lokale fugl som flyr gjennom planområdet finn vi også rovfugl.

Når ein samanstillar andre radarundersøkingar i nærleik til Guleslettene (NINA-rapport 825, 1585, og 1693) med kjende åtfærds-responsar viser det seg at NVE, berre på ein kort strekning av Sogn og Fjordane fylke, har gjeve konsesjon til 6 vindkraftanlegg midt i den viktigaste trekkfugl-korridoren i landet (kjelde), der Guleslettene er det største og mest dominerande. Desse 6 er Lutelandet, Guleslettene, Hennøy, Bremangerlandet, Vågsøy og Okla. Vi kjenner ikkje til situasjonen nord og sør for oss, men reknar med at NVE ikkje har teke omsyn til trekkfugl her heller.

Det er særleg skjerpande at NVE ikkje har teke omsyn til at fugletrekket langs kysten ikkje har vore kartlagt og tilsynelatande har godkjent konsesjonar nesten utelukkande ved å kun legge vekt på gode vindforhold og låge vegbyggingskostnader.

- **Førekost av samlingsplassar for kollisjonsutsette fuglar:** Mange vassfuglar er store, tunge og lite manøvreringsdyktige (ender, svanar, lommar). Om vinteren samlast dei gjerne på isfrie vatn, men også under trekket vår og haust har enkelte vatn viktige funksjonar for desse artane. Havørn er kjent for at ikkje-hekkande ungfugl gjerne samlar seg for å overnatte, ofte på skogklede øyar. Både vaksne og ungfugl bruker mye tid på bading for å halde fjørdrakta rein, og bruker da små vatn og dammar der fleire individ gjerne er samla. Lutelandet er døme på ein slik lokalitet. Førekost av viktige

samlingsplassar bør kartleggast i ein omkrins på fleire kilometer utanfor planlagde vindkraftverk. (s.16 i planen)

Moment 9: s. 58 i «Regional plan for vindkraft – Vedteken av fylkestinget 8. juni 2011, sak 33/11». Konfliktpotensial biologisk mangfald.

https://img4.custompublish.com/getfile.php/3394474.2344.qeycfvxyyc/Regional+plan+for+vindkraft_08.06.2011+pdf+web+hefte.pdf?return=www.sfj.no

Analyseområde	Tal prioriterte naturtypar		Hekkelokalitetar for kollisjonsutsette raudlistefugl		Konfliktpotensial
	Verdi A	Verdi B	Aksjonsområde vesentleg påverka	Totalt tal aksjonsområde	
Lutelandet	1	2	5	9	Stort
Bygdeheia Ø	-	-	1	4	Middels
Bygdeheia V	-	-	4	?	Stort
Ramsgrøheia	-	-	2	7	Middels
Drivarfjellet	-	-	4	6	Stort
Smilleheia	-	-	1	4	Middels
Bergsheia	-	-	1	3	Middels
Slettheia	-	-	2	3	Middels
Høgenova	-	-	-	-	Lite
Skoraheia	-	-	1	3	Middels
Austrefjellet	-	-	1	2	Middels
Steinsetfjellet	-	-	1	1	Middels
Styggeheia	-	-	2	3	Middels
Taket	-	-	1	2	Middels
Langeheia	-	-	-	2	Lite
Storurdfjellet	-	-	-	1	Lite
Sundsheia	-	-	1	2	Middels

Tabell 3.5.2 Konfliktpotensial knytt til biologisk mangfald, utifrå kjende registreringar; Fjaler-Afjord

Moment 10: «Politisk avklaring», s. 6 i regional vindkraftplan for Sogn og Fjordane «Nemninga "Politisk avklart" vert brukt om område der det ligg føre planar om vindkraftutbygging som fylkeskommunen allereie har gjeve positiv uttale til. Nemninga vert brukt uavhengig av kva konfliktpotensial som er registrert for dei ulike fagtema».

https://img4.custompublish.com/getfile.php/3394474.2344.qeycfvxyyc/Regional+plan+for+vindkraft_08.06.2011+pdf+web+hefte.pdf?return=www.sfj.no

3.5.2 Konfliktpotensial

I tabell 3.5.3 og figur 3.5.1, nedanfor, viser vi det samla konfliktpotensialet for dei 17 analyseområda vi har identifisert i Fjaler-Åfjord.

Analyseområde	Landskap	Kulturm.	INON	Friluftsliv	Biologisk m.	Landbruk	Samla
Lutelandet	Middels 3	Middels 3	Stort 5	Middels 3	Stort 5	Lite 1	Poli. avkl. 20
Bygdeheia Ø	Middels 3	Middels 3	Middels 3	Lite 1	Middels 3	Lite 1	Middels 14
Ramsgrøheia	Middels 3	Lite 5	Lite 1	Lite 1	Middels 3	Lite 1	Middels 14
Drivarfjellet	Lite 1	Lite 1	Middels 3	Lite 1	Stort 5	Lite 1	Middels 12
Smilleheia	Middels 3	Stort 5	Stort 5	Lite 1	Middels 3	Lite 1	Middels 18
Slettheia	Lite 1	Lite 1	Lite 1	Lite 1	Middels 3	Lite 1	Lite 8
Skoraheia	Lite 1	Lite 1	Stort 5	Lite 1	Middels 3	Lite 1	Middels 12
Austefjellet	Lite 1	Lite 1	Stort 5	Middels 3	Middels 3	Lite 1	Middels 14
Steinsetfjellet	Lite 1	Lite 1	Stort 5	Middels 3	Middels 3	Lite 1	Middels 14
Storurdfjellet	Lite 1	Lite 1	Stort 5	Middels 3	Lite 1	Lite 1	Middels 12
Langeheia	Lite 1	Lite 1	Stort 5	Middels 3	Lite 1	Lite 1	Middels 12
Sundsheia	Lite 1	Lite 1	Middels 3	Middels 3	Middels 3	Lite 1	Middels 12
Taket	Lite 1	Lite 1	Stort 5	Middels 3	Middels 3	Lite 1	Middels 14
Styggeheia	Lite 1	Lite 1	Stort 5	Middels 3	Middels 3	Lite 1	Middels 14
Høgenova	Lite 1	Lite 1	Stort 5	Lite 1	Lite 1	Lite 1	Lite 10
Bygdeheia V	Middels 3	Middels 3	Lite 1	Lite 1	Stort 5	Lite 1	Middels 14
Bergsheia	Middels 3	Stort 5	Middels 3	Lite 1	Middels 3	Lite 1	Middels 16

Tabell 3.5.6 Konfliktpotensial samla og for dei einiskilde fagfema, utifrå kjende registreringar (og politiske vedtak vedk. Lutelandet); Fjaler-Åfjord

Moment11: Tematisk konfliktvurdering gjennomført av DN (no Miljødir) og Riksantikvaren plasserte anlegget i kategori D, «Stor konflikt».

Moment12: Ny kunnskap dokumenterer at Lutelandet vindkraftverk ligg midt i viktig trekkveg for fugl.

Moment13: NVE konkluderer på s. 19 «Gjennom konsekvensutredning og konsesjonsbehandling, samt vurdering av detaljplan og søknad om konsesjonspliktige endringer, er disse forholdene belyst og vurdert. NVE anser at kravet i § 8, om at vedtaket i hovedsak skal bygge på eksisterende kunnskap, samt at kravet til vurdering av økosystemtilnærming og samlet belastning i § 10, er oppfylt i konsesjonsprosessen». Vi meiner at krava om vurdering etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova ikkje er oppfylt for prosjektet.

Moment 14: Samanhengande naturområde med urørt preg: Den gongen då planen vart utforma, men ikkje no lenger: «Fjaler: INON frå fjord til fjell finst berre på Lutelandet.», s. 25

https://img4.custompublish.com/getfile.php/3394474.2344.qeycfvxyyc/Regional+plan+for+vindkraft_08.06.2011+pdf+web+hefte.pdf?return=www.sfj.no

INON-data viser at det er ein siste rest av INON på Lutelandet akkurat der vindkraftverket er planlagt i kystsona:



NVE skriv i innleiinga til vedtaket i 2011: «NVE har vektlagt at vindkraftverket er planlagt plassert i nær tilknytning til et industriområde under utvikling, og vi konstaterer at anlegget ikke vil redusere inngrepsfrie naturområder. Etter NVE sin vurdering vil anlegget bli godt synleg, men de visuelle verknadane for landskap, friluftsliv, kulturminne/kulturmiljø og busetnad sjåast som moderate. Etter NVE sin vurdering kan ikkje visuelle verknader er være til hinder for etablering av Lutelandet vindkraftverk».

Moment 15: Landskap og Friluftsliv får vektinga «Middels» for Lutelandet i regional vindkraftplan for Sogn og Fjordane. Vi meiner at det ikkje føreligg ei tilstrekkeleg samla last vurdering for landskap, naturbasert reiseliv eller friluftsliv for tildelte konsesjonar i kystlinja til Sogn og Fjordane. Vi meiner at departementet må sjå dette i lys av «Nasjonal ramme for vindkraft på land», og at det heller ikkje i dette forslaget er føretatt ei tilstrekkeleg sumverknadsvurdering i høve allereie gjennomførte tyngre, tekniske inngrep eller tildelte vindkraftkonsesjonar.

Moment 16: Sjekk andre konsesjonar i kystlinja Sogn og Fjordane. Fleire av konsesjonane tek opp tema knytt til fugletrekk (jf. mellom anna Bremangerlandet, Guleslettene, Vågsøy, Hennøy, Okla). Det er ikkje gjennomført ei tilstrekkeleg sumverknadsvurdering for fugletrekka langs kysten.

Brot på naturmangfaldlova NML:

Når ein vurderer NVE si handtering av konsesjonsutdelingane i forhold til naturmangfaldlova noterer vi:

Paragraf 8: Offentlege vedtak skal bygge vitskapleg kunnskap; her har NVE ikkje hatt kunnskap, men har like fullt gjeve ei rekke konsesjonar midt i viktige trekkfugl-korridorar. Då har dei gjerne vist til utsegner frå grunneigarar. På Guleslettene har det først kome krav om kunnskapshenting etter at konsesjonen vart gjeve (kravd av OED).

Paragraf 5; om å bevare artane på lang sikt. Her har NVE ikkje sikra seg tilstrekkeleg kunnskap, og følgeleg har NVE brote lova.

Paragraf 6: Aktsemdsplik. NVE har ikkje vist aktsemd. Det er særleg skjerpande at NVE har gjeve ei rekke konsesjonar for vindkraftanlegg med korte avstandar imellom utan å kjenne trekkrutene til fugl.

Paragraf 9. Føra-var-prinsippet. NVE har ikkje praktisert føre-var-prinsippet og har ikkje lytta til miljøorganisasjonar og fag-etatar når det gjeld fugletrekk.



Paragraf 10: økosystem tilnærming – i dette ligg at NVE skal vurdere den samla verknaden av mange vindkraftanlegg. Det har verken NVE eller OED gjort.

Konklusjon:

Vi ber om at det utførast ein ny konsesjonshandsaming slik konfigurasjonen krev inkl. ny KU. Vi ber om at samla last etter NML §10 vert vurdert med bakgrunn i ny kjend kunnskap om fugletrekk for Lutelandet vindkraftverk i lag med andre vesentlege paragrafer i NML i saka. Vidare handsaming av Lutelandet vindkraftverk vert lagt på vent til Nasjonal ramme for vindkraft er ferdig handsama og nye retningslinjer gitt.

Referansar:

May, R. & Hamre, Ø. 2012. Radarstudier av fugletrekk ved Frøyagrunnene og Olderveggen. I: Lorentsen, S.-H. (red.) Fagrapport til strategisk konsekvensutredning av fornybar energiproduksjon til havs – sjøfugl. NINA Rapport 825. Norsk institutt for naturforskning. S. 117-141
Stokke, B.G., May, R., Hamre, Ø., Åström, J., Gjershaug, J.O. & Follestad, A. 2018. Kartlegging av fugletrekket over Bremangerlandet. Undersøkelser ved det planlagte Bremangerlandet vindkraftverk. NINA Rapport 1585. Norsk institutt for naturforskning.
Systad, G.H.R., Breistøl, A., Follestad, A., Gjershaug, J.O., Guidos, S., Hamre, Ø., May, R., Stokke, B., Østerås, T.R. & Åström, J. 2019. Undersøkelser av trekkaktiviteten for fugl på Guleslettene 2018-2019 - Observasjoner, radarkartlegging og lyttedata med supplerende materiale. NINA Rapport 1693. Norsk institutt for naturforskning
<https://www.fn.no/Om-FN/Avtaler/Miljoe-og-klima/Konvensjon-om-biologisk-mangfold>
<http://www.birdlife.no/naturforvaltning/nyheter/?id=2413>

Med venleg helsing

Ron Overdevest, Sogn og Fjordane Turlag, leiar naturvernutvalet rono@online.no

Jon Anders Stavang, Naturvernforbundet S&F (kontaktperson tlf.: 414 03 281, jastavang@live.com)

Anders Braanaas, leiar Norsk Ornitologisk foreining S&F (anders.braanaas@me.com)

Elisabeth Dahle, koordinator Forum for natur og friluftsliv S&F (sognogfjordane@FNF-nett.no)